

TYSNES KOMMUNE



PÅSKJØNINGSREGLEMENT

Vedteke i kommunestyret, 16.12.2009
Revidert i kommunestyret 13.5.2015
Revidert i kommunestyret 06.02.2020

Innhald

1	GENERELLE FØRESEGNER.....	3
1.1	Føremål og omfang.....	3
1.2	Tenestetid.....	3
1.3	Kjøp av gaver og tildeling	3
1.4	Påskjøningsfaktor	3
2	MARKERING AV LANG OG TRU TENESTE	3
2.1	Tilsette	3
2.2	Folkevalte	3
2.3	Medalje	3
2.4	Tildeling.....	4
2.5	Presisering av tenestetid	4
3	SLUTTGÅVE	4
3.1	Tilsette med mindre enn 15 års tenestetid	4
3.2	Tilsette med 15 til 25 års tenestetid	4
3.3	Tilsette med meir enn 25 års tenestetid	4
3.4	Tildeling av sluttgåve	4
4	ÅREMÅLSDAGAR	4
5	FØDSEL/ADOPSIJON	4
6	GIFTARMÅL/PARTNARSKAP	5
7	DØDSFALL/GRAVFERD	5
7.1	Tilsette	5
7.2	Folkevalte	5
8	RUTINAR/PROSEDYRE	5

1 GENERELLE FØRESEGNER

1.1 Føremål og omfang

Føremålet med dette reglementet er å gje tilsette ei merksemd ved spesielle høver og merkedagar.

Reglementet gjeld for alle tilsette i fast stilling.

1.2 Tenestetid

Tenestetid skal som hovudregel vere samanhengande. Tilsetjing i vikariat og delstillingar tel med som samanhengande tenestetid. Tilsvarande gjeld for tilsette som har hatt lovfesta permisjonar.

1.3 Kjøp av gåver og tildeling

Kommunalsjef og einingsleiarar syt for oppfølging av dette reglement for eigne tilsette.

Rådmann syt for oppfølging av dette reglement for kommunalsjef.

Ordførar syt for oppfølging av dette reglement for ombod og rådmann.

1.4 Påskjøningsfaktor

Storleiken på påskjøningsgåver som tilsette skal få av kommunen, vert fastsett i hlve til ein *påskjøningsfaktor*. Påskjøningsfaktor i perioden 2020-2023 er 170 kroner. Påskjønningfaktoren skal regulerast kvart fjerde år, fyrste gong i 2024.

2 MARKERING AV LANG OG TRU TENESTE

2.1 Tilsette

Etter 25 år tenestetid i Tysnes kommune, får tilsette tildelt ei standard gåve med inskripsjon eller merkje. Verdi på gåva tilsvarar opptil 9 gongar påskjøningsfaktor.

2.2 Folkevalte

Folkevalte som har vore medlem av kommunestyret i 3 periodar (12 år) får tildelt ei personleg gåve med inskripsjon. Verdi på gåva opptil 9 gongar påskjøningsfaktor.

Folkevalte som har vore medlem av kommunestyret i 5 periodar (20 år) får tildelt ei personleg gåve med inskripsjon og kommunemerke. Verdi på gåva opptil 15 gongar påskjøningsfaktor.

Folkevalde kan få tildelt KS sin medalje etter punkt 2.3.

2.3 Medalje

KS medalje vert tildelt folkevalde og arbeidstakarar som har utført ei fortjenestefull samfunnsgagnleg verksemd av særskild stor tyding kommunen. For tilsette vert det normalt sett krav til at vedkommande har vore tilsett i 25 år. For folkevalde vert det normalt kravd at vedkommande har hatt tillits – og tenesteoppdrag i minst 24 år.

Sentralforbundet sine vedtekter for heidersteikn vert lagt til grunn for tildelinga, etter vedtak i formannskapet.

2.4 Tildeling

Rådmannen inviterer tilsette, som i løpet av perioden vil ha nådd tenestetid på 25 år, til ei felles tilsetning. Ved denne tilstillinga gjer kommunen litt stas på den tilsette med mat, gåve og blomehelsing. Gåva vert overrekt av rådmann eller ordførar.

Kommunalsjef som har 25-årsjubilarantar deltek på tilstelling.

Tildeling/markering vert gjennomført anna kvart år i felles tilstelling, fortrinnsvis ila fyrste halvår.

2.5 Presisering av tenestetid

For tilsette som sluttar å arbeide i kommunen rett før dei har 25 års tenestetid, vert tenestetid på 25 år sett på som oppnådd dersom sluttdato ligg mindre enn seks månader frå 25 år.

Permisjon utan løn utover 3 månader, vert ikkje rekna som tenestetid i kommunen.

3 SLUTT GÅVE

3.1 Tilsette med mindre enn 15 års tenestetid

Tilsette som sluttar etter minst 1 år tenestetid i kommunen, får ei blomehelsing/gåve inntil ein verdi på påskjøningsfaktor gongar talet på tenestear i kommunen.

3.2 Tilsette med 15 til 25 års tenestetid

Tilsette som sluttar etter tenestetid mellom 15 og 25 år, får ei sluttgåve med inskripsjon (verdi påskjøningsfaktor*9), samt ei blomehelsing/tilleggsgåve.

Samla verdi på gåva er påskjøningsfaktor gongar talet på tenestear i kommunen.

3.3 Tilsette med meir enn 25 års tenestetid

Tilsette som sluttar etter minst 25 års teneste får ei sluttgåve med inskripsjon (verdi påskjøningsfaktor*15), samt ei blomehelsing. Gåva vert sett i samanheng med påskjøning for 25 års tenestetid etter punkt. 3.3, og samla verdi på sluttgåve vert difor opptil påskjøningsfaktor*18.

3.4 Tildeling av sluttgåve

Eininga/avdelinga kan skipa ei enkel tilstelling i samband med at ein tilsett sluttar i kommunen. Einingsleiar/leiar har ansvar for at det vert kjøpt gåve.

For kommunalsjef skjer tildeling av sluttgåve i kommunestyret.

4 ÅREMÅLSDAGAR

Tilsette som fyller 40, 50, 60 og 70 år, får ei blomehelsing frå eininga. Verdien på blomehelsinga kan vere opptil 3 gongar påskjøningsfaktor.

5 FØDSEL/ADOPSJON

Tilsette som vert mor eller far, får ei blomehelsing av arbeidsstaden. Verdien på blomehelsinga kane vere opptil 3 gongar påskjøningsfaktor.

6 GIFTARMÅL/PARTNARSKAP

Den tilsette får ei gåve til ein verdi opptil 5 gongar påskjøningsreglement.

7 DØDSFALL/GRAVFERD

7.1 Tilsette

I samband med dødsfall/gravferd blant tilsette, viser kommunen merksemd ved å senda ei blome- eller kranshelsing, eller det vert lagt ned ei blome- eller kranshelsing ved båra til den avlidne.

I samband med gravferd for tidlegare tilsette i Tysnes kommune, vurderar rådmannen om kommunen skal sende ei blomehelsing.

7.2 Folkevalte

Ved dødsfall blant folkevalte sender kommunen ei blome- eller kranshelsing, eller det vert lagt ned ei blome- eller kranshelsing ved båra til den avlidne.

Folkevalte vil her seia medlem av kommunestyret, eller ein person som tidlegare har vore ordførar.

8 RUTINAR/PROSEDYRE

Ved behov kan rådmannen fastsetja meir detaljerte rutinar eller prosedyrar for påskjøningsgåver.